

Innkalling

Utval: Fjord kontrollutval
Møtestad: Fjord rådhus, kommunestyresalen
Dato: 24.03.2025
Tidspunkt: 10:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735.

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 07/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 08/25 Meldingar og skriv
MS 02/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025
PS 09/25 Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon -
Personalforvaltning

Ålesund, 17.03.2025

Johan Arnt Overøye
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 07/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
24.03.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 03.02.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 08/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
24.03.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

02/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/25	Fjord kontrollutval	24.03.2025

Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Fjord kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn. Vedlagt er nyhendebrevet for mars 2025

Vedlegg

Nytt fra FKT mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/25	Fjord kontrollutval	24.03.2025

Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Fjord kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet bed sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet 24. mars 2025 vert tatt inn i prosjektplanen. Kontrollutvalet bed om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om avvik frå prosjektplanen og der det er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

Frå møteprotokollen til Fjord kontrollutval 3. februar 2025:

FKU 05/25 Vedtak:

Fjord kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggast fram på neste møte i Fjord kontrollutval 24. mars 2025 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne planen i møtet og kome med innspel.

Kontrollutvalet i Fjord kommune bør derfor vedta forslag til prosjektplan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette. Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte planen. Ein kan opplyse om at det har vore møte mellom kommunerevisjonen og sekretariatet i arbeidet med framlagte planen.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning

Erklæring om revisor si uavhengigheit - Ingrid Walstad Larsen